

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM  
Norge

Vår sakshandsamar  
Merete Støfring  
+47 95 94 74 37

Vår dato  
11.11.2021  
Dykkar dato

Vår referanse  
20/00555-88  
Dykkar referanse

## Ekstraordinært uttak av jerv i beiteprioritert område i Indre Sogn

Vi er gjort kjend med at Miljødirektoratet i desse dagar har gjeve Statens Naturoppsyn i oppdrag å felle 15 jerv ved ekstraordinært uttak no fram til 1. desember. Dette er ein endra forvaltningspraksis som vi ser positivt på, og har etterlyst over tid.

Vi er svært skuffa på vegne av beitebrukarane i Indre Sogn. Vi ser ikkje at SNO har fått i oppdrag å felle jerv i Region 1 og i Skjåk og Lom sør for Ottadalføret. Vi oppmodar Miljødirektoratet om straks å auke tal oppdrag til SNO samt utvide område for felling av jerv til også å gjelde Region 1 og områda sør for Ottadalen i Skjåk og Lom.

Dei førebelse tala i søknadene om erstatning grunna tap til jerv syner at tapa i Indre Sogn er rekordhøge i 2021. Vi snakkar om fleire hundre lam og sau som er tekne av jerv sist beitesommar i BEITEPRIORITERT område. Det er ein uhaldbar situasjon. Særleg for beitebrukarane i Luster kommune. Det siste året er det dokumentert 33 kadaver i Rovbase i Region 1 med årsak «sau skadet av jerv». Når det dokumenterte tapet er så høgt, veit vi at det reelle tapet dessverre er skyhøgt slik erstatningssøknadene vitnar om. I 2020 var talet dokumenterte 9. Det går raskt i feil retning. Viss det ikkje skjer eit betydeleg uttak av jerv i fjella i Region 1 og yngleområda sør for Ottadalføret i Region 3 før beitesesongen 2022 vil det bli ein varsla katastrofe. DNA prøver som syner mange yngre tisper i området er dokumentasjon på dette. (Sjå side 2)

Det svært vanskeleg å drive lisensjakt i høgfjellet. SNO fekk, etter dokumenterte tap i mai 2021, i oppdrag å felle ein jerv i region 1, men dei lukkast ikkje. Vedtaket om oppdraget kom altfor seint på våren. Sidan 2017 er det berre felt 5 jerv i Indre Sogn, medan Rovviltnemnda har sett ein årleg lisens kvote på 8 jerv.

Syner til rovvilt forlik frå 2011 der det står :

*I de tilfeller der lisensfelling ikke gir tilfredsstillende uttelling skal miljøforvaltningen så langt det er mulig sørge for at resterende kvote tas ut i de områdene lisensfellingskvote er gitt.*

Vi forventar at Miljødirektoratet straks tildeler SNO oppdrag med å ta ut jerv i dei beiteprioriterte områda i Region 1, samt at det også vert gjort uttak i yngleområda sør for Ottadalen i Skjåk og Lom. Dei dokumenterte tapstala i 2021, og tal jervetisper i desse områda, syner at det ikkje finst anna løysing enn å skyte jerv og redusere bestanden i dette området!

Med venleg helsing  
Elektronisk godkjent, utan underskrift  
*Anders Felde, fylkesleiar*

*Merete Støfring*

**Bondelagets Servicekontor AS**

**Norges Bondelag**

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80  
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD  
Bankkonto: 8101.05.12891, **Org.nr.:** 985063001 MVA  
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

**Bankkonto:** 8101.05. 91392  
Org.nr: 939678670

## REGISTRERTE JERVAR SØR FOR OTTADALEN

Kjønn	Ind. nr	Reg. År	Registrert kommune
Tispe	3744	17 19 20	<u>Sprongdalen</u> , <u>Jostedalen</u> , <u>Høvrokampen</u> , Lom <u>Lundadalen</u> , <u>Salhusfjellet</u> , <u>Sotlia</u> Tundradalen
Hann	3760	18	Visdalen i Lom
Hann	6389	20	Død jerv, Saupsete i Luster, 18.05.
Tispe	6494	21	Mårfelle i Stryn
Hann	3754	18 19 20 21	Rauddalen i Skjåk Raudalen i Skjåk, Storevatnet, <u>Dumhø</u> i Lom Merradalsbotnen, Storsteinen, Stryn, Skjåk Leirvatnet, <u>Lundadalen</u> Mange prøver i Skjåk – grense mot Stryn og på begge sider av RV 15 pluss prøver i Stranda
Tispe	3756	18 19 20 21	Sunddalen i Stryn, Strynefjellet, Rauddalen i Skjåk. <u>Mysubytta</u> , <u>Mårdalsbenken</u> , Skjåk <u>Raudalen</u> , Skjåk <u>Raudalen og Mysubyttalen</u> , Skjåk
Tispe	3771	18 19 20 21	Eidsdal i Fjord kommune, <u>Mårdalen</u> i Skjåk <u>Mårdalen</u> , <u>Oppljøstunnelen</u> , <u>Grasdalsreset</u> (Grense Stryn, <u>Skjåk</u> , <u>Stranda</u> ) <u>Mårdalen</u> , <u>Raudeggje</u> , Skjåk Grensestein Yste Leirvatnet, Stryn/Skjåk
Hann	3825	19 20	Rauma Møre og Romsdal <u>Mysubyttalen</u> , <u>Sota Sæter</u> , <u>Martadalen</u> i Luster, Leirvatnet i Lom
Tispe	3823	19 21	Rauma, Møre og Romsdal – Lesja Innlandet <u>Kongsøyane</u> , Luster (Februar), <u>Lundadalen</u> , Skjåk (Mars), <u>Sotlia</u> , Skjåk (april), <u>Midtdalen</u> , Luster (Mai)
Tispe	6297	20 21	<u>Galdeberg</u> , Sognefjellet (mars/april) <u>Hillerhø</u> , Sognefjellet (mars)
Tispe	6382	20	<u>Kongsøyane</u> , Luster (Juni)
Tispe	6329	20 21	<u>Gokkerdalsmunningen</u> / <u>Visdalen</u> , Lom (Februar) Helgedalen Luster (januar) Lom (mars) <u>Vågå</u> (april) Øystre Slidre (april)

Kjønn	Ind. nr	Reg. År	Registrert kommune
Tispe	6330	20 21	<u>Lordalen</u> Lesja og Skjåk (Nordaust for Pollfoss) (Mars) <u>Fåbergstølen</u> Luster (Januar)
Hann	6348	20 21	Lesja (mars) Rauma (april) <u>Holmavatn</u> , <u>Arentzbu</u> – Luster (mars)
Hann	6459	20 21	Gran, Østre Toten, Nordre Land <u>Ullensvang</u> (mars) – <u>Bykle</u> (mars)
Tispe	6491	21	<u>Veringsdalen</u> , <u>Bykle</u>

Tabellane ovanfor syner at tal jervetisper registrert i Region 1, Skjåk og Lom sør for Ottadalen er høgt. Det gjev eit stort skadepotensiale.

**Kopi:** Klima- og Miljødepartementet  
Landbruks- og matdepartementet  
Roviltnemnda i Region 1  
Statsforvalteren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune  
Mattilsynet, Region sør og vest  
Luster kommune  
Lokale Bondelag og beitelag i Indre Sogn